

---

Saksnr: 2020/57218-8  
Saksbehandlar: Tor Andreas Titlestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		10.12.2020
Fylkestinget		15.12.2020

**KODE Kunstmuseer og komponisthjem. Lånegaranti. Nytt vedtak**

## Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som KODE Kunstmuseer og Komponisthjem tek opp til etablering av nytt magasin og sluttfinansiering av el-ferja «Ole Bull».
2. Garantien omfattar hovudstol på 50 mill. kr, med tillegg av inntil 10 % av hovudstol til renter og kostnader. Maksimalt garantibeløp utgjør 55 mill. kr. Det maksimale garantibeløpet vert redusert i takt med nedbetaling av lånet.
3. Garantien gjeld i 30 år frå vedtakstidspunktet med tillegg av inntil 2 år.
4. Vedtaket må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.

## Samandrag

Fylkestinget vedtok den 30.09.2020, sak 97/2020, å garantere for lån som KODE skal ta opp til nytt magasin og til sluttfinansiering av el-katamaran til Lysøen. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ikkje godkjent vedtaket på grunn av formelle manglar i vedtaksteksten. Fylkesrådmannen legg fram forslag til nytt vedtak, der teksten er justert i samsvar med krava i forskrift om garantiar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Saksutgreiing**

Fylkestinget gjorde den 30.09.2020, sak 97/2020, følgjande vedtak:

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som KODE Kunstmuseer og Komponisthjem treng for sluttfinansiering av el-katamaran til Lysøen, i samsvar med søknad datert 27.mai 2020, inntil kr 5 mill.
2. Søknad om fylkeskommunal lånegaranti på kr. 50 mill. til nytt magasin for KODE vert innvilga. Garantien sine øvrige vilkår, blant anna garantien sin varigheit, vert gitt i samsvar med avtale mellom KODE og lånegjevar.
3. Vedtaket sitt punkt 2 må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.

Departementet har i brev av 13.11.2020 gjeve svar på søknaden om godkjenning. Departementet konkluderer med at fylkestinget sitt vedtak ikkje oppfyller krava til innhald i vedtak om garantiar, slik det går fram av [Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner](#), §2.

Paragrafen det vert vist til stiller følgjande krav til eit vedtak om garantistilling:

«Et garantivedtak skal angi

- a. hvem garantien er stilt for
- b. hvilket formål garantien gjelder
- c. hvilken type garanti som er stilt
- d. det maksimale beløpet som det garanteres for og hvordan beløpet eventuelt reduseres i garantiperioden
- e. hvilket tidspunkt garantien gjelder fra og når den opphører
- f. om vedtaket må godkjennes av departementet etter kommuneloven § 14-19.

Hvis det kausjoneres for lån, skal garantivedtaket også angi lånets hovedstol og hvilket tillegg for renter og omkostninger som det garanteres for.»

Av brevet går det elles fram at departementet er innstilt på å godkjenne garantien dersom fylkestinget gjer nytt vedtak som oppfyller alle krava i forskrifta.

Eit avgjerande punkt som mangla i fylkestinget sitt vedtak av 30.09.2020 var varigheita av garantien. Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkestinget sin vilje om å stille garanti ligg fast. Det einaste som trengst i denne saka er å justere teksten i garantivedtaket slik at det oppfyller alle krav i forskrift om garantiar.

Det kan opplysast at KODE har fått tilbod om lån på 50 mill. kr. KODE reknar med at denne summen vil vere nok til restfinansiering av MF Ole Bull og til etablering av magasin. Det inneber at behovet for vedtakspunkt 1, jf PS 97/2020, fell bort.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. Vestland fylkeskommune sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning punkt 5.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Garanti for lån medfører ein viss økonomisk risiko. Men garantisummen i denne saka er ikkje stor i høve til fylkeskommunen sine totale garantiforpliktingar.

**Klima:** Investering i el-ferje er positivt for klimaet

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Tiltaka er i tråd med Regional Kulturplan sine målsetjingar

Konklusjon

Fylkesrådmannen legg fram forslag til nytt vedtak, der vedtakspunkt 1 er teke ut og der teksten er justert for å etterkomme alle krav i forskrift om garantiar.